

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 62/2004

Møtedato: 8.12.04

Arkiv nr:

## **Valdres folkemuseum, søknad om tilskot til flytting sel**

Frå Valdres folkemuseum har fjellstyrt fått følgjande søknad:

*Frå Olav Bråten har museet fått tilbod om Skrøvik-selet på Jaslangen: g.nr. 61/ br.nr. 22. Dette selet skal flyttast til stølsområdet og verte ein del av museet si satsing på formidling av stølsliv i gamal og moderne tid. Sjølv om museet har stølshus frå tidlegare ynskjer me å nytte dette til aktiv stølsdrift for skulane.*

*For å flytte selet og sette det opp att treng museet økonomisk støtte: til frakt og arbeidskraft sommaren 2005 og ein del mindre reparasjonar.*

*Me vonar at Vestre Slidre Fjellstyre har mogelegheit til å støtte dette tiltaket, ikkje minst av di Valdres Folkemuseum har stølsdrift som serleg satsingsområde, og det vil verte ein del av stølsprosjektet og bufartiltaka i åra som kjem.*

### **Vedtak:**

Fjellstyret ser positivt på tiltaket og gir kr 5000 i tilskot.

Hilde Berge deltok ikkje i behandling av saka.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 8.12.04.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Valdres folkemuseum